Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Krødsherad

Emne: Ymse attåtfor

Bygdelag: — " —

Oppskr. av: Trond G. Ørpen

Gard: Ørpen

(adresse): p.t. Flatheim, Vikersund

G.nr. 221 Br.nr. 1–2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Røtter.

A. Forskjellige slags røtter.

1. Ingen sankar røtter no for tida. Heller har eg ikkje hørt om at det har vore bruka i eldre tid eller under siste verdenskrig.

2. Har sett at somme har knuskarøtter, og gir deim rå til kråtera.

3. Andre røtter nyttast ikkje

4.5.6 fell burt.

B Bregner (blom)

Ikkje noko av dette i bruk her.

II Tang og tare fell burt.

III Annet for av planter.

Ertevis vart brukt som for til kyrne.

IV Hestemøkk.

1. Hestemøkk vert ikkje bruka no, men har hørt eldre folk snakke om at før vart den brukt.

Heller ikkje brukt under siste verdenskrig.

2. Ein blanda hestemøkk i sørpa til kyrne, saman med varmt vatn, høymo og lauv.

Blandinga vart ikkje kokt, men oppblanda med varmt vatn.

1618

3) Sam nemt vert ikkje heilemåta brukt no.

V Sårpefôr.

1) Det er vel ombrent slutt med å laga sårpo til kyrne.

2) I eldre tid da dei hadde varmeing i fjøsa og ikkje krubber, men gav alt fôret i båsane, bruka dei å laga sårpe til kyrne. Dei hadde sereigne bytter, sårpebytter, med handtak i. Dei tunde vel ta ein ca. 20 l. Sårpa vart ikkje kokt, med påhelgo varmt vatn.

Det var mangt samanblanda i sårpa: hakkelse, agner, lauv, smågras, hå, litt mjøl av lettkorn og salt. Dette vart rørt saman med varmt vatn. Det var serleg nybarne kyr og dei som mjølka som fekk bera sårpa.

3) Med det same kyra hadde bore, fekk dei ei bytte med varmt mjøldrikke.

4) Rognelav nyttast ikkje

5) Då det er vanskeleg å få tak i brank, har den ikkje vore nytta her.

6) Neller ikkje mask vert brukt.

7) Lag på gebitgras vart før brukt til kyrne.
Til grisen vart kokt lag på brennesle og blanda saman med mjøl.

VII Fell bort.

1618

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING